

Turistinformasjon

24.08.2017



Av: Trond Leirvik Onarheim
Publisert: 29.01.2010

Foto: Berit Espeland
Oppdatert: 20.07.2017

Turistinformasjon

Turistinformasjon - Tourist information

 [English version](#)

Midt mellom Bergen og Stavanger finn du byen Stord, regionsenteret i Sunnhordland. Her er nærleik til alt: fjell, sjo, skog, mark, kulturliv, handel, uteliv og idrettsliv. Naturskjønne omgjevnader går hand i hand med urbane kvalitetar.

Byen har svært gode høve for samferdsle, med daglege flyavgangar til hovudstaden, og effektive kollektivsamband til Bergen, Haugesund og Stavanger.

Du finn turistinformasjon i mottaket på Stord rådhus og i kulturhuset (biletet).

Dersom du ynskjer å finna slik informasjon på nettet, er www.visitsunnhordland.no rette staden. Her kan du også reservera overnatting.

Brosjyre/brochure

I brosjyren Informasjonsguide for Stord kommune, vil du også finna mykje nyttig informasjon om Stord.

[Du kan lasta ned brosjyren her](#), eller ta med deg eit eksemplar frå turistinformasjonen.

I Stord kulturhus finn du kino/teater, bibliotek og symjehall. I kulturhuset og i rådhuset kan gjester kopla seg gratis på trådløst internett. I tillegg er det tilgjengelege publikums-PC-ar på biblioteket i andre høgda. I mottaket på rådhuset er det publikums-PC tilgjengeleg heile året.

Kart

[Her finn du ulike kart](#)

Lege

[Her finn du oversikt over legar og legevakt på Stord](#)

Parkering

[Her finn du oversikt over parkeringsplassar](#)

Kontaktinformasjon

Stord kulturhus
Telefon 53 49 69 50

Nettside: [Stord kulturhus](#)
E-post: kulturhuset@stord.kommune.no

Stord rådhuset
Telefon 53 49 66 00

E-post: post@stord.kommune.no